

Bautaen på Husaby

Einar Tambarskjelve bodde på Husaby i lag med kona Bergljot Håkonsdotter. Bergljot fekk Husaby i medgift av faren, Håkon ladejarl. Einar var fødd og oppvaksen i Melhus.

Einar er omtalt fleire stader i Snorre Sturlason si «Heimskringla».

Einar er skildra som ein framifrå idrettsmann, og han var ein meister med bogen. I skildringa av slaget ved Svolder i år 1000, er han ein av Olav Trygvason sine menn. Replikkevekslinga mellom kongen og unge Einar under slaget, har vore «pensum» i norsk grunnskole opp til vår tid.

Han var sentral i arbeidet med heilaggjeringa av Olav Haraldson, år 1031, da han sende bod på biskop Grimkjell, og fekk plassert liket av Olav Haraldsson i kyrkja.

I 1035 reiste han til kong Jaroslav i Svitjod (Kviterussland) i lag med Kalv Arneson, og henta sonen til Olav, Magnus (8 år), heim til Noreg. Same året vart Magnus teken til konge ved både Frostating, Eidsivating og Gulating.

Einar var støtte og stav for den unge kongen i dei første og avgjerande åra. I praksis var det nok Einar som tok dei viktige avgjerdene, og var truleg ein viktig årsak til at Magnus fekk tilnamnet «den gode». Einar vart drepen i lag med sonen Einride i 1051. Udåden vart utført av Harald Hardråde.

I tida etter 2.verdenskrig, frå 1947 og fram til 1950, vart det gjennomført arkeologiske utgravingar og istandsetting av staden slik han framstår i dag, med restane etter den første kyrkja i Skaun, reist av Bergljot og Einar i tida rundt 1040.

Ungdomslaget «Tambarskjelve» sto attom og utførte mykje av dugnadsarbeidet. Dei reiste Tambarskjelvebautaen i 1950. Han vart avduka under eit stort minnestemne i juli 1950, med mange tusen frammøtte.